

DEN NORSKE KYRKJA

MØTEBOK

Torsdag den 21. november kl. 19:45 – 20.20 holdt Fellesrådet konstituerande møte i Sveio Soknehus

Møte var kalla inn ved e-post til medlemmene 14.11.2019

Følgjande medlemmer/vara medlemmar møtte;

Medlemmer Valestrand og Førde Sokneråd: Tor Helge Hardeland, Øyvind Tislavoll
Medlemmer Sveio Sokneråd; Leiv Rossehaug, Johannes Flatnes
1.vara Valestrand og Førde Sokneråd; Solveig Brynjelsen
Varamedlem Sveio kommune; Torgeir Tveit Katla
2.vara Valestrand og Førde Sokneråd; Anne Mari Fisketjønn
Prest oppnemnd av biskopen; Arild Steinsland

Forfall frå; Kommunalt medlem; Maren K.L. Bårdsen, 1.vara Sveio sokneråd, Kristi Tveitaskog, 2.vara Sveio sokneråd Haldis Ø. Lier

Merknadar til innkallinga; Nei

Merknader til saklista; Nei

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Til stades frå administrasjonen; Ottar Krakk

SAKER SOM VART HANDSAMA:
Sak 33/2019 Konstituering Sak 34/2019 Møteplan mv

Sveio, 27.11.2019

sign
Tor Helge Hardeland
Leiar


Ottar Krakk
Kyrkjeverje

Signering av protokoll:

Øyvind Tislavoll

Johannes Flatnes

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11 2019	Fel . 33/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 33/2019 Konstituering - Val

Nye medlemmer til Sveio Kyrkjelege Fellesråd er valt for komande periode frå dei to sokneråda si side. Kommunal representant vert valt av kommunestyre i møte 11.11 «Regler om formene for menighetsrådet og kirkelig fellesråds virksomhet» slår fast at konstituerande møte skal haldast innan utgangen av november. Leiar og nestleiar skal veljast innan 1. januar kvart år. Leiar og nestleiar vert valt for eit år av gongen.

For siste fireårsperioden har ein hatt følgjande leiarar og nestleiarar; I 2018 og 2017 var Tor Helge Hardeland leiar og Ragnhild E. Lysen nestleiar. I 2016 var Ragnhild Lysen leiar og Tor Helge Hardeland nestleiar. Siste året har Bent Rune Sinnes vore leiar og Tor Helge Hardeland nestleiar.

Fellesrådet må og ta stilling til kven som skal sitja i Partssamansett utval (og kalla «adminstrasjonsutval») frå arbeidsgivarsida. Her skal det veljast to representantar frå Fellesrådet. Saker i Partssamansett utval vil vera; *«personalpolitiske retningslinjer, reglementer og rutiner, dessuten utviklings- og omstillingsprosesser»*.

Kyrkjeleg Fellesråd i Sveio har og hatt eit forhandlingsutval som har trådd i funksjon ved lokale lønsforhandlingar mv. To av medlemmene har hatt denne funksjonen.

For sist valperiode var det leiar og nestleiar som fylte verva i Partsamansett utval og Forhandlingsutvalet.

Fellesrådet har i følge vedtektene for Valestrand Kulturkyrkje ein representant i styret. Fellesrådet må velja representant og vararepresentant for komande 4 års periode.

Kyrkjeverja vil og be Fellesrådet ta stilling til om det nye Fellesrådet skal ha eit arbeidsutval. Sist valperiode hadde ikkje Fellesrådet arbeidsutval. Vidare ber kyrkjeverja om at Fellesrådet tek stilling til om varamedlem skal møta fast på møta eller om dei berre skal kallast inn ved behov. I sist periode har 1.vara frå sokneråda møtt fast medan 2. vara og varamedlem for sokneprest ikkje har møtt. Kommunen har ikkje hatt oppnemnt varamedlem i denne perioden.

Det er medlemmer av Fellesrådet som må leggjast fram framlegg til dei ulike verva i møte

Nytt fellesrådet trer i funksjon frå 1. desember i valåret, jf §1 i «Reglene om formene for meinghetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet». Samtidig er det slik Kyrkjeverje ser det ikkje noko i vegen for at nytt Fellesråd trer i funksjon frå og med konstituering i dag så lenge alle som har representasjon inn i Fellesrådet er enig i det. Skulle det vera slik at det er ulike oppfatningar om dette må avtroppande Fellesråd behandla dei andre sakene i dette møte og nytt Fellesråd først tre i funksjon frå 1. desember.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer følgjande val:
 - Leiar – Perioden: 01.12.2019 – 30.11.2020;
 - Nestleiar – Perioden: 01.12.2019 – 30.11.2020;
 - Partsamansett utval;
 - Forhandlingsutval;
 - Representant i Kulturkyrkja sitt styre (2020-2023);
 - Vararepresentant i Kulturkyrkja sitt styre (2020-2023);
2. Alt a) Sveio Kyrkjelege Fellesråd skal ikkje ha eit arbeidsutval.
Alt b) Sveio Kyrkjelege Fellesråd skal ha eit arbeidsutval beståande av.....
3. 1.vara frå dei to sokneråda vert/vert ikkje kalla inn til møte i Fellesrådet.
2.vara frå dei to sokneråda vert/vert ikkje kalla inn til møte i Fellesrådet.
Vara for soknepresten og kommunen vert/vert ikkje kalla inn til møte i Fellesrådet
4. Det nye Fellesrådet trer i funksjon frå og med i dag 21.11.19

Behandling i Fellesrådet

Det vart peika på to aktuelle kandidatar til leiarvervet. Johannes Flatnes og Tor Helge Hardeland. Konkret vart det fremma framlegg om tor Helge Hardeland som leiar og Johannes Flatnes som nestleiar. Det var skrifleg avstemming på desse to vala:

Tor Helge Hardeland fekk 5 stemmer som leiar, Johannes Flatnes 1 stemme. Tor Helge Hardeland vert leiar.

Johannes Flatnes fekk 5 stemmer som nestleiar, ei blank stemme. Johannes Flatnes var nestleiar.

Det vart føreslått at leiar og nestleiar går inn som Fellesrådet sine representantar i Partsamansett utval og i forhandlingsutvalet.

Kristi Tveitaskog vart føreslått som Fellesrådet sin representant inn i Valestrand Kulturkyrkje sitt styre. Val vart føreslått utsett då ho ikkje var til stades.

Det vart og gjort framlegg om å utsetja avgjerd om arbeidsutval.

Det vart vidare føreslått at 1.vara vert kalla inn til møte i Fellesrådet samt at andre vara vert kalla inn dersom det er forfall til møte. Varamedlem for soknepresten og for kommunen vert berre kalla inn ved forfall.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd gjer følgjande val:

- Leiar – Perioden: 01.12.2019 – 30.11.2020; Tor Helge Hardeland
- Nestleiar – Perioden: 01.12.2019 – 30.11.2020; Johannes Flatnes
- Partsamansett utval; Leiar og nestleiar
- Forhandlingsutval; Leiar og nestleiar
- Representant i Kulturkyrkja sitt styre (2020-2023); Utsatt val til neste møte
- Vararepresentant i Kulturkyrkja sitt styre (2020-2023); Utsatt val til neste møte

2. Utsatt avgjerd til neste møte

3. 1.vara frå dei to sokneråda vert kalla inn til møte i Fellesrådet.

2.vara frå dei to sokneråda vert ikkje kalla inn til møte i Fellesrådet. Vert kalla inn ved forfall.

Vara for soknepresten og kommunen vert ikkje kalla inn til møte i Fellesrådet

4. Det nye Fellesrådet trer i funksjon frå og med i dag 21.11.19

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	21.11 2019	Fel . 34/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 34/2019 Møteplan mv

Nye fellesråd er invitert til kurs på nyåret 2019. Det kurset som er sett opp for Fellesråd frå vårt område er i Aksdal 2.mars.

Ved oppstart av sist Fellesrådsperiode tok Fellesrådet og la nokre av sine møter til nokre av dei ulike kyrkjebygga i fellesrådsområdet. Dette vart kombinert med ekskursjonar der og besøk på dei ulike gravplassane var lagt inn. Fellesrådet vert utfordra til å ta stilling til om rådet ønskjer at ein skal leggja opp til slike ekskursjonar i løpet av første halvår 2020.

Fellesrådet har relativt stor utskifting etter valet. Kyrkjevevjene er tilrådd frå sentralt hald å gå gjennom ein del hovudpunkt for fellesrådet sitt arbeid i ei intern opplæringsøkt. Fellesrådet bør ta stilling til om ein ønskjer ei slik opplæringsøkt.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kyrkjeleg Fellesråd set opp følgjande møtedatoar:
2. Sveio kyrkjelege Fellesråd ønskjer/ønskjer ikkje ei intern opplæringsøkt
3. Sveio kyrkjelege Fellesråd ønskjer/ønskjer ikkje at det vert lagt opp til ekskursjonar til kyrkjer og gravplassar i Fellesrådsområde.

Behandling i Fellesrådet:

Det vart uttalt at det er ønskeleg med ei intern opplæringsøkt. Det er og ønskeleg at me legg opp til ekskursjonar til gravplassar og kapell i løpet av første halvår 2020.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Sveio kyrkjeleg Fellesråd set opp følgjande møtedato: **Onsdag 22.1 kl 17.30**
2. Sveio kyrkjelege Fellesråd ønskjer ei intern opplæringsøkt
3. Sveio kyrkjelege Fellesråd ønskjer at det vert lagt opp til ekskursjonar til kyrkjer og gravplassar i Fellesrådsområde.

